

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN
Kulturavdelinga/utviklingsseksjon

Det Kongelige Miljødepartement
Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

Sakshandsamar: Trond Ueland tlf.dir.: 57 82 50 05 E.post: trond.ueland@sf-f.kommune.no

Arkivkode	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
C5	Arkivsnr.: 01/05136		26.06.2002
	L.nr.: 012633/02		

**NOU 2002:1 FORTID FORMER FRAMTID – UTFORDRINGER I EN NY
KULTURMINNEPOLITIKK - HØYRING**

Det blir vist til brev frå Miljøverndepartementet, dagsett 28.02.02, der ein ber om merknader til kulturminneutvalet si utgreiing, *NOU 2002:2 Fortid former framtid – Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk*. Vi viser òg til deltaking på høyringsmøte i Bergen, 11 april 2002, der fylkeskommunen deltok med to representantar.

Vi opplever utvalet sitt arbeid og den innstillinga dei no har lagt fram, som særsklig grundig og gjennomarbeidd. Hovudutfordringa no vil vere å omsetje ideala i meldinga til realitetar.

Frå administrativ side vil vi slutte oss til innstillinga slik den ligg føre. Vi har ikkje funne det rett å kommentere innstillinga på detaljnivå, men har nokre meir generelle merknader til innstillinga.

Vi oppfattar utvalet slik at det er ei sterk interesse for å skape større merksemd omkring kulturarven vår. Kulturminneutvalet har på ein god måte forsøkt å plassere kulturminnevernet inn i ein større samfunnsmessig samanheng ved å skape forståing for den verdien kulturminne representerer for oss alle, utvalet viser vidare sterkt ønskje om å auke dei økonomiske ressursane til kulturminnearbeidet og det å få skapt betre og formal- og realkompetanse innan kulturminneforvaltninga. Rollefordelinga mellom lokalt og sentralt nivå har òg vore særleg viktig. Og framfor alt har utvalet vore opptekne av å la lokalt engasjement få betre kår til å arbeide med det viktige området kulturarven vår representerer.

For å ta spørsmålet om rollefordeling først, har vi i samband med den runda Miljøverndepartementet hadde omkring spørsmål om å overføre ansvar og oppgåver til kommunane, gitt klare signal på at vi er positive til ei slik satsing, eller reform, om ein vil. Grungjevinga for dette er det vel stor semje om, nemleg å skape større engasjement og mobilisering lokalt både innan forvaltninga og ikkje minst innanfor frivillig og privat sektor. Eigartilhøve til eigne kulturminne må vere den beste form for berekraftig forvaltning av kulturminna våre. Dette oppfattar vi òg er eit berande prinsipp i innstillinga frå kulturminneutvalet. Ser vi vekk frå ressursar, som må følge frå sentralt til lokalt nivå for å


kunne gjennomføre ei slik reform, har vi argumentert med at ein må vere opne for ein ”reformperiode” der ein treng tid til å finne ei rett spor å arbeide etter.

Vi finn det likevel rett å formidle ei viss uro dersom lokalnivået aleine i all hovudsak skal ha ansvar for kulturminnevernet i framtida. Vi må nok godta ei forvaltning som ikkje alltid vil kunne handtere oppgåvane i tråd med intensjonane, dvs at vi vil registrere at mange kulturminne vil kunne bli därleg skjøtta i tillegg til faren for at ein del òg vil bli øydelagde. Når reformperioden er over, trur vi det vil vere grunnlag for å hauste resultat av ei slik lokal reform. Men det set krav til fleire tiltak utover rein ressursoverføring.

Ein viktig styringsreiskap her, i tillegg til økonomi og lovregulering, er informasjon og kompetanse. Skal ein sikre ei lokal reform og implementering av dei ideal som kulturminneutvalet skisserer i utgreiinga, må det satsast monaleg på kompetanseoppbygging. Mange kommunar vil vere for små til å opparbeide eigne kompetansemiljø. Her har fylkeskommunen eit stort ansvar. Sett frå regionalt hald, ønskjer vi å kunne utvikle eit langt meir operativt kompetansemiljø eller –base til beste for kommunane, organisasjonane, eigarar, skuleverket, og den einskilde. Satsinga på rolla som regional utviklingsaktør med vekt på partnerskap, særleg retta mot lokalt nivå, er elles både i tråd med sentrale meldingar om fylkeskommunen si nye rolle og med innhaldet i innstillinga frå kulturminneutvalet. Slik vi ser det, må rettleiarkompetanse og langt større vekt på formidling vektliggjast hos oss. Som vi veit, har ressursane til den regionale kulturminneforvaltninga aldri samsvar med ideala slik dei er skissert i kulturminnelova. Her er det trong med ei ressursstyrking. Får vi dette til, vil sjansen til verkeleg å etablere ein kompetansebase regionalt, vere godt til stades. Vi meiner det vil vere ein god start å begynne her.

Sett under eitt ønskjer vi å slutte opp om kulturminneutvalet si innstilling, og vonar det i framtida vil vere mogeleg å omsetje dei mål og ideal som er skisserte her.

Med helsing
Lidvin M Osland
fylkesdirektør



Kopi: HK, fylkesrådmann, fylkesordførar